



Vestland fylkeskommune
Kommunane i Vestland
Private skular

Saksbehandlar, innvalstelefon

Celine Lunder, 5764 3106

Påminning – nominasjon til Dronning Sonjas skulepris 2023

Dronning Sonjas skulepris blir delt ut annakvart år til ein skule som har utmerka seg gjennom å praktisere likeverd og inkludering.

Dronning Sonjas skulepris skal etter planen delast ut av Hennar Majestet Dronning Sonja på vinnarskulen 30. november 2023. Vinnarskulen får 250 000 kr, diplom og eit kunstverk utforma av Dronningen. Alle nominerte skular får eit diplom¹.

Statsforvaltaren ber om at skuleeigarar oppmodar skulane til å lansere seg som kandidatar til Dronning Sonjas skulepris. Skuleleiinga kan fremje aktuelle kandidatar blant grunnskulane og vidaregåande skular. Det er mogleg å nominera skular frå heile grunnopplæringa.

Nominasjonsprosessen

Skjema for å melde kandidatar og meir utfyllande informasjon om prisen finn de på Utdanningsdirektoratet si heimeside: <https://www.udir.no/dronningsonjasskolepris>

Skjema må skrivast ut og sendast til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller som vedlegg i e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no. Merk med *Dronning Sonjas skulepris 2023*.

Siste frist for å sende inn forslag til kandidatar er **28. august 2023**.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Celine Lunder
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Åpeltun skule i Bergen kommune og Kaupanger skule i Sogndal kommune har tidlegare vunne skuleprisen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolepriser/dronning-sonjas-skolepris/vinnere-av-dronning-sonjas-skolepris/>